



KOMMUNEPLAN FOR HJELMELAND 2017-2029 PLANPROGRAM



Endeleg fastsett av kommunestyret i sak 44/17 21.6.2017

Hjelmeland kommune

Innhald

1 Innleiing.....	2
2 Føremål med planarbeidet.....	4
2.1 Statleg/regionale føresetnadar	4
2.1.1 Nasjonale forventingar	4
2.1.2 Beredskap.....	6
2.1.3 Kommunereformen.....	6
2.1.4 Regionale forventingar	7
2.2 Kommunen sine egne føresetnadar – prioriterte område frå planstrategien	7
2.2.1 Økonomi.....	7
2.2.2 Satsingsområde som kan gjera kommunen berekraftig også i framtida.....	8
3 Kort om utviklinga i Hjelmeland	9
3.1 Utvikling i folketal og prognosar	9
3.2 Kommunal økonomi.....	9
4 Kommuneplanen sin samfunnsdel	10
4.1 Gjeldande kommuneplan frå 2011	10
4.2 Forslag til ny visjon/slagord	11
4.3 Forslag til nye satsingsområde	12
4.3.1 Nærare om dei prioriterte områda frå planstrategien:.....	12
4.3.2 Konkrete forslag til satsingsområde.....	16
4.4 Andre tema i samfunnsdelen	16
5 Kommuneplanen sin arealdel.....	18
5.1 Generelle premiss for revisjonsarbeidet.....	18
5.2 Føringar for innspel til arealdelen:.....	18
6 Medverknad og framdrift	20
6.1 Organisering av arbeidet internt	20
6.2 Medverknad og framdrift.....	20
7 Forslag til utgreiingsprogram	22

1 Innleiing

Dette er utkast til Hjelmeland kommune sitt planprogram. Kva er så eit planprogram? Eit planprogram skal vera ein «oppskrift» på korleis kommunen vil revidera sin gjeldande kommuneplan «Hjelmeland Naturlegvis frå 2011. Kva ramer vil ein setja for arbeidet? Kva krav og forventingar har stat og regionale styresmakter til revisjonen? Kva har kommunen sjølv sagt før? Kor omfattande skal medverknaden vera? Kor omfattande skal sjølve revisjonen vera? Kva er tidsplanen?

I 2016 vart det gjennom ein politisk prosess gjort eit vedtak om kva planarbeid kommunen skal prioritera i inneverande periode. Denne prioriteringa bygger på ei vurdering av samfunnsutfordringar, utviklingstrekk, eksterne krav mv. I sjølve planstrategivedtaket (kommunestyrevetak sak 59/16 i møte 20.9.2016) vart det avgjort: Både samfunnsdel og arealdel skal fornyast. Det står dette om revisjonen i planstrategien:

.....

5. 1Kommuneplanen:

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast. Revisjon av begge delar vert starta opp samstundes, for å rekka å gjera dette i inneverande valperiode. Det vert gitt desse føringane:

Samfunnsdel: Ny samfunnsdel skal gi sterkare prioriteringar. Planen skal også innhalda økonomiske målsettingar. Samfunnsdelen skal peika ut satsingsområde som kan bidra til at kommunen vert berekraftig også i framtida. Folkehelse, næringsutvikling, inkludering/frivillig sektor, omdømme, digital infrastruktur og økonomi er viktige stikkord. Vitalisering av kommunesenteret ønskjeleg. Korleis kommunen kan yta gode tenester og samstundes bidra med sin utviklingskapasitet i lokalsamfunnet er sentralt. Å få til tiltak i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor kan opna større muligheter enn det ein får til i eigen regi. Større tema som inkludering og næringsutvikling kan eventuelt bli egne planar/strategiar viss ein finn det tenleg. Plan for klimatilpassing og plan for kulturminne (hovudpunkt) inngår i samfunnsdelen.

Arealdel: Det vert lagt opp til ein avgrensa revisjon med fokus på utvalde tema (næring på sjø og land) og på sentrumsutvikling. Vidare arealdisponering i Årdal når tunnelalternativet er klart, vert også ein del av kommuneplanarbeidet. Kulturminne i tråd med det som kjem fram i arbeidet med kulturminneplan.

Fokus på reiseliv/turisme og havbruk vert tatt med som satsingsområde i samfunnsdel, og som tema i arealdelen.

Strategi for korleis Hjelmeland kommune kan bidra til å oppfylle føringane i nasjonal jordvernstrategi (vedtatt av Stortinget 08.12.2015) blir innarbeidd i samfunns- og arealdelen i kommuneplanen.

I samband med ny kommuneplan skal ein i arealdelen også vurdere innspel som angår områder for bustader og fritidsbustader.....

Dermed er ein del av kursen allereie staka ut. Eit sentralt tema vert «Satsingsområde som kan bidra til at kommunen vert berekraftig også i framtida». I to år er det blitt jobba med kommunereformen. I kommunestyrevedtak 31.1.2017 vart den prosessen avslutta med vedtak i kommunestyret som sa at Hjelmeland kommune vil halda fram som eigen kommune. Dermed vil eit planarbeid ha det som utgangspunkt.

Planprogrammet har vore ute på høyring i perioden 1.3.2017-30.4.2017. Det var eit eige temamøte om kommuneplanarbeidet og planprogrammet 31.5.17, før saka vart endeleg handsama i formannskapet 14.6 og kommunestyret 21.6.17. Vedtekne endringar er no påførte.



Billettekst: me som bur i Hjelmeland – frå ei utstilling i regi av biblioteket

2 Føremål med planarbeidet

2.1 Statleg/regionale føresetnader

Staten v/Regjering og Storting har gitt ei rekke føringar for eit kvart kommuneplanarbeid. Arbeid med kommuneplan skal skje i tråd med prg 11(utdrag):

*Kommuneplanens **samfunnsdel** skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.*

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.....

*Kommuneplanens **arealdel** skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.*

.....

Arealdelen til kommuneplanen er juridisk bindande. Samfunnsdelen er rettleiande.

2.1.1 Nasjonale forventningar

Regjeringen vedtek kvart fjerde år nye nasjonale forventningar til kommunalt planarbeid. I 2015 kom desse forventningane (utdrag):

Noen momenter regjeringen trekker frem som viktige i planleggingen er:

- ☐ *Prosessene bør bli raskere, samarbeidet bedre.*
- ☐ *Gode og oppdaterte kunnskapsgrunnlag skal ligge til grunn.*
- ☐ *God planlegging bidrar til reduserte klimagassutslipp, energiomlegging og -effektivisering.*
- ☐ *Riktig lokalisering av næringsvirksomhet, boliger, infrastruktur og tjenester bidrar til å få ned klimagassutslippene fra transportsektoren.*
- ☐ *Planleggingen tar høyde for klimaendringer.*

Regional planlegging bør avklare utbyggingsmønster og hovedtrekkene i transportsystemet. Det bør trekkes langsiktige grenser mellom by- og tettstedsområder og store sammenhengende landbruks-, natur- og friluftsområder. Kommunene må sikre høy arealutnyttelse rundt kollektivknutepunkt, og ha en aktiv og helhetlig sentrumspolitik. Det skal tilrettelegges for at transportveksten kan tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Kommunene må også sikre trygge og helsefremmende bo- og oppvekstmiljøer, frie for skadelig støy og luftforurensning.

.....



Bilte: Transportkvardag i Hjelmeland – frå oppstillingsfila på Nesvik ferjeleie

Dette er forventningar som kommunen må ta høgde for i dimensjonering av planarbeidet. Det er ei utfordring å få til raske prosessar samstundes med at utgreiingskrava er skjerpa.

Klimatilpassing har ein sentral plass i dei nasjonale forventingane. Det er sagt (utdrag frå nasjonale forventingar): « Reduksjon i klimagassutslipp, tilpasningar til endret klima og tilrettelegging for økt karbonbinding er viktige satsningsområder i kommunenes planlegging. Vellykket klimaarbeid er avhengig av innsats i alle sektorar. Kommunene bør vurdere rulling av klima- og energiplanen med konkretisering i arbeidet med kommunal planstrategi»

4.november 2016 vart det også inngått ein historisk, global avtale i Paris om klimautvikling og tilpasning. Viktig delmål der var at det ikkje skal bli meir enn 2grader varmere i snitt på kloden i dette hundreåret, helst ikkje meir enn 1,5. Alle land har forplikta seg på å jobba for dette, og avtalen vil få praktiske følgjer også for kommuneplanarbeidet i Hjelmeland.



Billettekst: Sentrale styresmakter som NVE legg premiss for kommunen si planlegging. Her på veg til møte i Oslo

2.1.2 Beredskap

Kommunane har ei viktig rolle i høve til beredskap, jfr lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Ein overordna tanke om samfunnstryggleik skal liggja til grunn for heile den kommunal verksemda, ikkje minst planarbeidet. Det er konkrete krav til heilskapleg ROS-analyse og ein overordna beredskapsplan. Beredskapsomsyn skal innarbeidast i både samfunnsdel og arealdel. Ein del av beredskapsomsyna vil vera overlappande med krav td til arealplanlegging (konsekvensanalyse og ROS-analyse), men handlar også organisatoriske grep og korleis det vert lagt til rette for opplæring og samhandling.

2.1.3 Kommunereformen

Regjeringen sin kommunereform legg opp til større kommunar. Kommunestyret i Hjelmeland har etter ein omfattande prosess konkludert med at kommunen ønskjer å stå aleine (vedtak 31.1.2017), men at Ombo kan bli del av nye Stavanger kommune. Fylkesmannen har tilrådd at Hjelmeland på sikt bør bli ein del av ein felles kommune i ytre Ryfylke, men Forsand sitt vedtekne ynskje om å bli ein del av Sandnes er eit hinder for dette. Endeleg avgjerd i saka skal skje i Stortinget i løpet av 2017. I skrivande stund tyder det meste på at Stortinget vil respektera kommunane sine vedtak når det gjeld spørsmål om å stå aleine.

2.1.4 Regionale forventingar

Regionale forventingar er nedfelte i ulike regionalplanar. Desse gir føringar for kommuneplanarbeidet. Viktigast i så måte vil den nye regionalplan for areal og transport i Ryfylke, som har sterke føringar om tettstadsutvikling, og der dei nasjonale føringane om høg arealutnytting rundt kollektivpunkt pluss ein aktiv sentrumspolitikkk står høgt. I tillegg er det ei rekkje andre planar, dei fleste nemnde nedanfor (klypp frå fylkeskommunen si heimeside):

*RP Friluftsliv og naturvern – under utarbeiding. Erstattar tidlegare FINK.
RP samferdsel (2008)*

RP areal og transport i Ryfylke (2016)

RP sjøareal (2016)

Vannforvaltningsplan for Rogaland med tiltakspakke

RP Kultur

RP energi og klima (2010) Handlingsdel (2014)

RP inkluderende samfunn (2010)

RP landbruk (2011)

RP næringsutvikling (2011)

RP museum (2011)

RP folkehelse (2012)

RP bibliotek (2013)

Revidert FDP for Universell utforming (2014)

RP Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (Heiplanen) (2012)

RP byggeråstoff i Ryfylke (2013)

2.2 Kommunen sine egne føresetnader – prioriterte område frå planstrategien

Gjennom arbeidet med planstrategien, vedtok kommunestyret å prioritera særleg nokre område. For desse områda er det nyttig å tenkja igjennom korleis ein vil arbeida for å koma fram til gode mål inn i den endeleg planen. Her går ein kort igjennom desse.

2.2.1 Økonomi

Det er eit årleg budsjett-tema kva som bør vera kommunen sitt mål for netto driftsresultat. Kommunestyret vedtok i 2014 at dette burde vera 3%, korrigert for kommunen sine konsesjonsavgifter. Men om Hjelmeland kommune skal styre mot eit økonomisk mål på 3%, korrigert for kommunens konsesjonsavgifter, må ein oppnå eit netto driftsresultat i storleik 20 – 22 mill. kroner, tilsvarende om lag 7%. Seinare har sentrale tilrådingar justert målet over tid for netto driftsresultat for kommunane til 1,75%. Dette er grunna i at kommunane ikkje lengre kan inntektsføre mva-kompensasjonen frå investeringar i drifta og i staden nytte denne mva-refusjonen som del av eigenfinansieringa av nye investeringar. Dermed blir behovet for å sette

av eit positivt netto driftsresultat til eigenfinansiering noko mindre. Slik stoda er i dag , er utfordringa med å ha eit positivt netto driftsresultat utan bruk av konsesjonsavgifter, er likevel stor. I kommuneplanarbeidet må det leggjast vinn på å få fram eit realistisk mål, som må avstemmast i høve til andre viktige satsingsområde. Samstundes er det eit stort poeng at andre satsingar også vert avstemt mot kva ein faktisk har råd til.

2.2.2 Satsingsområde som kan gjera kommunen berekraftig også i framtida

I kap 1er det gjengitt prioriteringa frå planstrategien. Ein må velja korleis ein skal baka dette inn i som satsingsområde til erstatning for dei som har vore. Kor mange satsingsområde skal ein ha? Og kva ordlyd bør dei få? Næringsutvikling kan vera naturleg å vidareføra direkte frå gjeldande plan. Inkludering/frivillig sektor bør kanskje få ei anna formulering der ein også bakar inn omsynet til busetjing, folketalsutvikling og eventuelt barn og unge? Økonomi bør anten inn som basisvilkår på line med klima og folkehelse, men desse kan også vera eigne satsingsområde. Satsinga på vidare utbygging og vitalisering av Hjelmeland sentrum bør nok vera eit uttalt satsingsområde, men kan også inngå som del av «klimapakken». Digital infrastruktur kan inngå i ein klimabolk, eller kanskje er veg, fiber og anna infrastruktur så viktig at det også må vera eit av færre satsingsområde framleis. Dette bør avklarast endeleg gjennom medverknad i høringsperioden.

Oppvekst er ein fellesnemnar som er viktig når det er tale om ein berekraftig kommune. Innafor oppvekst har ein m.a desse emna som det vert jobba særskilt med:

Kompetanse for mangfald i barnehage og skule (2017-18)

Glidelåsen, eit opplegg som skal hindra at elevar fell ut av vidaregåande skule.

"Mitt valg" for å styrka det psykososiale miljøet i skule og barnehage.

7 milssteget for å få til eit godt tverrfagleg arbeid

Kompetanseheving for å gi våre innbyggjarar ein så god teneste som mogleg.

3 Kort om utviklinga i Hjelmeland

3.1 Utvikling i folketal og prognosar

Folketalet i Hjelmeland er i dag omtrent det same som det var ved sist kommunesamanslåing i 1965. Dei sist 10 åra har hovudpila vist ein nedgang, men med noko variasjon. Best var det i 2010 med rundt 2850 innbyggjarar. Pr 1.1.17 er ein under 2700 innbyggjarar. Prognose for utviklinga fram mot 2040 tilseier ein framtidig vidare svak nedgong. Denne statistikken har likevel ikkje teke høgde for at kommunen vert landfast via Ryfast ved utgongen av 2019, og at det kan gi eit løft.

Kommunen har tilrådd at Ombodelen av Hjelmeland skal bli ein del av den nye storkommunen Stavanger som inkluderer Rennesøy og Finnøy. Folketalsutviklinga er ein kritisk faktor for kommunen, og krev særskilt merksemd i kommuneplanarbeidet.



Bilete: Folketalsutvikling og andel barn/unge er ein kritisk faktor Hjelmeland framover. Her frå Hjelmeland skule

3.2 Kommunal økonomi

Økonomien for Hjelmeland slit framleis i motvind, sjølv om Hjelmeland på grunn av kraftpengar framleis er ein kommune som har meir å rutta med einn mange andre av tilsvarande storleik og beliggenhet. Dei siste åra har kommunen vore på ROBEK-lista, dvs at Fylkesmannen må godkjenna viktige økonomiske avgjerder. Kommunen vil truleg koma ut av denne lista i 2018, om ikkje noko uventa skjer. Å halda økonomien i sjakk, slik at ein også i framtida kan ha fridom til eigne val, vert vesentleg. Kommunen har også ein stor eigedomsmasse som ein bør tenkja gjennom handteringa av. Kva skal ein behalda? På kva vilkår skal ein selja ut?

4 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Når ei skal gå i gong med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel, må ein avklara noko kor omfattande revisjonen skal vera, og korleis ein ser for seg eit nytt dokument. Ein må også tenkja gjennom kor langt ein vil gå i planprogrammet i høve til å formulera ny visjon, hovudmål og satsingsområde.

4.1 Gjeldande kommuneplan frå 2011

Gjeldande samfunnsdel (vedteken i 2011) kan vera eit godt utgangspunkt for revisjonsarbeidet. Slik plandokumentet er i dag, er det bygd opp med ein innleiande del med ei grov planskildring. Så følgjer visjon (Hjelmeland Naturlegvis), overordna mål og verdigrunnlag. Deretter følgjer satsingsområda; 1. Barn og unge, 2. Busetjing, 3. Næringsliv 4. Infrastruktur og kommunikasjon. Etter satsingsområda kjem ein kjem ein temabasert inndeling under hovudtittel Kommunal utvikling. Her er ti underkapitel; oppvekst, omsorg og levekår, folkehelse, berekraftig utvikling, fleirkulturelt samfunn, kultur og kulturminne, teknisk, beredskap, likestilling/diskriminering, interkommunal samarbeid og klima/energi. Kap 5 er tekstdelen til arealplanen, med føringar og bestemmelser for det enkelte plantema/område. Samfunnsdelen består då i røynda av kap tre og fire. Kap 1 og to gjeld både samfunnsdel og arealdel, medan kap fem gjeld arealdel. Nye satsingsområde er langt på veg avklart gjennom planstrategien, men hovudmål og verdigrunnlag bør i hovudtrekk avklarast no i samband med arbeidet med planprogrammet, før ein startar arbeidet med sjølv plandokumentet. Kva som er bra for klima og folkehelse er både å sjå på som eigne tema, men samstundes mest viktig som premiss for dei andre temaene. Nytt no er også at økonomi skal tilleggast større vekt.



Bilete: Kva skal avløysa gjeldande visjon «Hjelmeland Naturlegvis»? Utsikt mot Skjølsknuten.

4.2 Forslag til ny visjon/slagord

Hjelmeland har vore borti fleire visjon/slagord dei siste åra. Visjonen i gjeldande kommuneplan er «Hjelmeland Naturlegvis», med natur i fokus for dei fire satsingsområda. Tidlegare rådmenn har sjølv dradd i gong andre visjonar eller slagord. «Hjelmeland i pluss» er brukt i ein del samanhengar. «Hjelmeland – inkluderande, løysingsorientert og framtidsretta» er den visjonen/slagordet som har vore marknadsført mest dei siste par åra. Økonomi og folketal er utfordringar som er omtalte under kap 3. Samstundes har me eit sers oppegåande næringsliv, med gode signaturprodukt. Me er eit internasjonalt samfunn og ein stad der mange reiser når dei skal på hytta. Me «sit på» eit av rundt 200 meteorittkrater som er påviste i heile verda (Ritlandskrateret). Og me er i nærområdet til turistmagnetane Preikestolen og Trolltunga. Me satsar på ei vitalisering av sentrum og eit betre samarbeid med grendeutval og friviljug sektor. Dette er plattformen for ein visjon/»slogan»

Ein visjon/slagord og eit uttalt verdigrunnlag/hovudmål bør også seia noko om kor med vil hen. Og så må ein faktisk prøva å orientera seg i den retninga i etterkant. Det vil vera naturleg å be om innspel på dette i høyringsrunden til planprogrammet, og i involveringa knytt til det. Det er eit poeng å få til eit motto som ikkje kan vris på slik at det endar opp negativt. «Hjelmeland i pluss» er eit slagord som ikkje er blitt mindre aktuelt med tida. Å leggja til rette for vekst i næringsliv, i folketalet og utvikla ein sunn økonomi er saman med klimatilpassing dei viktigaste utfordringane i eit nøtteskal.

Kva bilde vil me at andre skal forbinda med Hjelmeland – som me sjølv kan kjenna oss att i? Unge eventyrarar og eit internasjonalt miljø? Forgubbing og stagnasjon? Ein stad der me både er «tett på» i daglegliv med små forhold, men også «langt frå» med transport som ei attvendande utfordring. Ein kommune som bygger bruer og ikkje murar?

For å få konkrete tilbakemeldingar på val av ny visjon og formulering av hovudmålsetting, vart det i høyringsperioden lagt fram følgjande mulege forslag:

A) Visjon: Hjelmeland i pluss.

Hovudmål: Gjennom samarbeid med friviljug sektor og næringsliv skal me vidareutvikla eit attraktivt lokalsamfunn der folk ynskjer å slå seg til og å koma på besøk.

Utdjuping: Å halde opp og helst auke folketalet er grunnleggjande for vidare utvikling. Me ynskjer å framstå som ein positiv kommune, og økonomien skal haldast på pluss-sida. Me har mange plussfaktorar som kan vidareutviklast.

B) Visjon: Internasjonale Hjelmeland

Hovudmål: Vidareutvikla kommunen som eit attraktivt og spennande lokalsamfunn, og som møteplass for fastbuande og besøkande frå heile verda.

Utdjuping: 18% av folketalet har innvandrarbakgrunn, og bidreg til å halda oppe næringsliv og aktive lokalsamfunn. Me produserer varer av internasjonal kvalitet (fisk, landbruksprodukt, elkraft, sand mm), har internasjonale kvaliteter når det gjeld natur (fjord, meteorittkrater mv). Me vil vera ein internasjonal møteplass, ein spennande stad for ungdom å slå seg til!

C) Visjon: Hjelmeland bygger bruer

Hovudmål: Byggja eit lokalsamfunn tufta på samarbeid mellom kommune, næringsliv og friviljug sektor.

Utdjuping: Aktiv i det interkommunale samarbeidet, og så byggjer me faktisk to bruer: Hjelmelandvågen og Helgøy. Så vil me ha gode kommunikasjonar med omverda.

Kommunestyret konkluderte med at visjonen frå gjeldande kommuneplan «Hjelmeland Naturlegvis» vert vidareført. «Hjelmeland Naturlegvis er eit godt innarbeidd slagord, og avspeglar at kommunen ynskjer at Hjelmeland skal vera eit naturleg val for folk som vil bu her, og som reisemål. Hjelmeland er ein naturkommune, der lokalt råstoff er utgangspunkt for dei viktigaste næringane og der friluftsliv er ein naturleg del av kvardagen.

Kommunestyret ba også om at eit alternativt forslag til visjon « Hjelmeland – der du eigentleg vil bu» også følgjer prosessen vidare.

4.3 Forslag til nye satsingsområde

I kapitel 2 er det sagt ein del om føringar for revisjonen. Dette må bakast inn i noko færre satsingsområde.

4.3.1 Nærare om dei prioriterte områda frå planstrategien, og nye prioriteringar i samband med kommunestyrebehandlinga 21.6.17:

Næringsutvikling på sjø og land

Hjelmeland har eit aktivt næringsliv. Men kommunen har avgrensa ressurser til å følgja desse opp. Korleis skal ein prioritera? Å leggja til rette for meir næringsareal er viktig, når ein no opplever stor og positiv etterspurnad etter areal som har ligge regulert lenge. For å få ein best mogleg kommuneplan med omsyn til næringsliv, vert det lagt opp til samarbeid med næringsorganisasjonane , og med større enkeltaktørar.

Inkludering/frivillig sektor

Kommunen gjennomførte 2012-2015 bulystprosjektet «Frå innvandrarar til innbyggjar». Dette vart omsøkt og sett i gong ut i frå ei erkjenning om at Hjelmelandssamfunnet i dag består av nær 20% innvandrarar. I planstrategien er det sagt at kommunen skal bruka sin utviklingskapasitet for å få fleire til å bli, og gjera inkludering til eit varemerke. Her er friviljug sektor sentral, saman med dei aktuelle fagavdelingane i kommunen, som flyktning/vaksenopplæring/frivilligsentral mv.

Kommunen har søkt om og fått noko tilskot frå fylkeskommunen for å jobba spesifikt med følgjande (sitat frå prosjektsøknad):

Å utvikle eit systematisk samarbeid med bygdaråda og friv. lag/org. – for deretter å kunne kartlegge og bruke dei frivillige kreftene i dei ulike nærmiljøa aktivt i folkehelsearbeidet.

I løpet av hausten 2017 vil vi ha klart eit utkast til ein temaplan/strategidokument for kommunens frivilligheitspolitikk, som nyttast vidare inn i kommuneplanarbeidet

Inkludering handlar også om gode bumiljø og oppvekstvilkår, med satsing på barn og unge både i skule og fritid.

Sentrumsutvikling

Nasjonale og regionale forventingar er skildra under kap 2.1 og vitnar om at arealeffektiv tettstadsutvikling har høg prioritet. Det er lokalt vedteke oppstart av eit prosjekt Vågen 360 for Hjelmeland sentrum, jfr fsak 143/16. Prosjektet er organisert med eiga styringsgruppe, og det vert arbeidd med å knyta til seg arkitektfagleg kompetanse. Kommunen ynskjer å bli ein av Rogaland fylke sine pilotkommunar, jfr pågåande søknadsrunde pr februar 17. Utvikling av tettstadane Fister og Årdal skal vera ein del av kommuneplanarbeidet med vekt på sentrumsutvikling.



Bilete: Hjelmeland ynskjer å bli ein av fylkeskommunen sine pilotar når det gjeld tettstadsutvikling.

Digital infrastruktur

Kommunen er pr i dag ein pådrivar for utbygging av digital infrastruktur. I samband med utbygging av nett til kommunale bygg, hadde ein også tett kontakt med Lyse Fiber for bidare utbygging i kommunen. Her er mykje ugjort framleis. Delar av kommunen har i tillegg dårleg mobildekning. I intensjonsavtale med Strand kommune er det sagt at utbygging av digital infrastruktur er særleg viktig i utkantane.

Opprusting av elnettet til å tola framtidens behov for straumforsyning (elektrifisering av ferjer og biltrafikk, behovet til næringslivet) inngår i dette. Kommunen skal utarbeida ein digital strategi for tenester som vert produsert av kommunen. Særleg vekt på effektivisering av tenesteproduksjon og velferdsteknologi.

Omdøme

Fleire år med folketalsnedgang og kommunale innsparingsprosjekt har ikkje nettopp bidrege til å løfte omdømet. Ei medveten satsing på dette feltet vil vera positivt, gjerne også gjennom eit samarbeid med næringslivet. Spesielle og særprega produkt frå Hjelmeland har ein god klang og vert forbunde med kvalitet. Døme på det er sand frå Årdal, Sterling kveite, jærstolane, Mikals laks, og eplemost frå Grønvik. Her er eit stort potensiale for samarbeid og omdømebygging. Men det krev ei medveten satsing som handlar om mykje meir enn fargerike brosjyrer.

Klimatilpassing og miljø

Arbeid med å avgrensa klimautslepp og gjera førebyggjande tiltak for å unngå skadeverknad av det faktum at me må forventa eit våtare og villare klima med meir ekstremver. For Hjelmeland sin del vil klimatilpassing særleg handla om å kunne takla verknad av stormflo, ekstremnedbør, flaum og ras. Dette handlar for ein stor del om fornuftig arealplanlegging og robust infrastruktur. Aktiv satsing på skog, energiøkonomisering mv vil også måtte inngå. Kommunen som samfunnsutviklar har ei viktig rolle både å gå i front, og å kunne vera ein tilretteleggjar for løysingar som tek klima på alvor, td innafor næringslivet.

Bustad og fritidsbustad

I statusrapport frå april 2016 for gjeldande kommuneplan 2011-2023, er det oppsummert kva som er realisert i perioden. På bustadsida er det regulert 150 nye tomter, berre eit fåtal er utbygd. I tillegg vart områdeplanen for Nordbygda godkjent seint på hausten i 2016. Ingen er utbygd der. Frå tidlegare er det også ferdig regulert ei rekkje tomter, ikkje minst på Eikehaugen i Fister sentrum. På hyttesida er sju av 25 felt regulerte, dvs 134 av 310 tomter. Dette viser at det innafor gjeldande plan generelt er god plass. Det det er gjort lite med, er rein fortetting i sentrumsområda. Areal og transportplan for Ryfylke legg om at til ei veldig arealefektiv utnytting av tomteareal i sentrum, ein utnyttingsgrad som vil representera noko nytt for folk i Hjelmeland. Det er lite grunnlag for å gjera omfattande endringar i gjeldande arealdel når det gjeld bustad elles i kommunen, altså leggja inn mykje nytt areal.

Få laga ein enkel oversikt over bustadtomter som kommune og kanskje private disponerer, denne bør vera lett tilgjengeleg.



Billettekst: Fritidsbustad og kulturminne i strandsona

Kulturminne

Ein temaplan for kulturarv/kulturminne er under arbeid og vil forhåpentlegvis bli ferdigstilt i løpet av vinteren 2017. Viktige moment frå denne planen må følgjast opp vidare inn i kommunenplanen.

Jordvern

Det er vedteken ein nasjonal strategi for å auka fokus på jordvernet, og minka tap av dyrka mark. Denne gjeld også for Hjelmeland.

Ryfast:

I samband med Ryfast må det utarbeidast ein ny strategi på korleis Hjelmeland kommune skal posisjonera seg i høve til nye sterke nabokommunar. Strategien må ta opp i seg korleis Hjelmeland kommune kan posisjonera seg for å kunne ta del i veksten som kjem. Viktige moment her vil vera framtidige offentlege tenestetilbod og tilrettelagt areal for busetnad og næring.

Kommunestruktur:

I samband med at kommunegrensane vert endra frå 2020, må det utarbeidast ein ny strategi på korleis Hjelmeland skal posisjonera seg i høve til nye sterke nabokommunar. MÅ leggjast vekt på interkommunalt samarbeid, tenesteproduksjon på tvers av kommunegrenser, samferdsel, ha ei meining om framtida til noverande interkommunale selskap, slik som Ryfylke IKS, RYMI IKS, Ryfylkefondet osv.

4.3.2 Hovudmål og satsingsområde

Kommunestyret fastsette 21.6.17 dette hovudmålet og følgjande satsingsområde:

Hovudmål: Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet, gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Satsingsområde:

Vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet.

Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar, og der reiseliv vert særleg vektlagt.

Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygdene for alle generasjonar, samstundes med særleg satsing på tettstadutvikling.

4.4 Andre tema i samfunnsdelen

Ein kommuneplan skal omtala heile den kommunale organisasjonen. Dei temaene som ikkje automatisk passar inn under satsingsområda, vil ein ta med i ein eigen del av samfunnsplandokumentet, slik som i dag. Korleis den endelege disposjonen vert, vil falla på plass når satsingsområda har fått sin plass.



Bilete: Frå hovudhuset i Vigatunet

5 Kommuneplanen sin arealdel

5.1 Generelle premiss for revisjonsarbeidet

Kommunestyret har sagt ja til at det skal vera ei avgrensa revisjon. Det er behov for å sjå særskilt på næringsareal, herunder både land- og sjøareal, som utvald tema. Konkrete stikkord er havbruk, sand og grus, landbruk og reiseliv. I tillegg vil ein måtte **vurdere innspel** som går på bustad og fritidsbustad, men hovudføringa skal vera at gjeldande arealplan i hovudtrekk vert vidareført. Her er det framleis rom for mykje.



Billettekst: Klimatilpassing er ein basis for arbeidet med arealdelen

5.2 Føringar for innspel til arealdelen:

Det er viktig å kunne sile og prioritere innspel som ein får inn til planarbeidet. Av erfaring kan det vere mange ønskjer om td utbygging som i ulik grad er tilpassa ønskja utvikling og nivå på innspel kan variere sterkt. I planprogrammet ynskjer ein difor å få avklart kva føringar ein skal ha for arbeidet:

1. Kun behov for **mindre revisjon** og planteknisk endring av planen.
Ta omsyn til gjeldande plan – ikkje legg opp til omfattande endringar. Der det vert lagt inn endringar, må ein også innarbeida omsyn til nyare regionale planar.
2. **Bustader:** Vidareføre dagens strategi, med felt og LNF-spreidd. Det skal vere område for spreidd bustadbygging i alle grender i kommunen. Behalde det som er inne planen + fortetting i Hjelmeland, Fister, Årdal.
Ynskjer meir bustadbygging og må difor planleggja ut i frå det, dvs positiv innstilling til å vurdere alle innspel.
3. **Næringsområde:** Behovsvurdering av ev nye område både på sjø og land.

4. **Hytter:** Ikkje behov for særleg fleire hyttefelt i perioden. Vidareføre dagens strategi,

dvs hytter i felt med plankrav. Sterke føringar i forhold til vurdering av nye felt; t. d

Føremålstenleg forvaltning av arealet i strandsona. fortetting skal vurderast, men ikkje vera til hinder for nye område. Fokus på fellesanlegg og allmenne omsyn, prioritering av grunneigarsamarbeid mm. Skal ein få gjennomslag ift nye hyttefelt må krav til utgreiingar vere tilfredsstillande.

5. **Råstoffutvinning:** Klargjere korleis Regionalplan byggeråstoff Ryfylke er førande for nye uttaksområdet. Sjå dette i samanheng med næringsområde i punkt 3, samt kartlegging frå Norstone.

6. Havbruk:

Havbruk er ei av dei viktigaste næringane i kommunen, me må ha større fokus på dette i kommuneplanen.

7. **Landbruk.** Leggje til rette for at landbruket framleis vert ei viktig næringsgrein i kommunen. Stimulera til nydyrking og drenering av eksisterande areal. Formålstenleg forvaltning av jordbruksjord og jordvernet.

8. **Natur og friluftsliv:** integrere nyare kartlegging i planen + kvalitetsikre dei prioriterte områda me alt har inne i planen. Klargjere ift føringar i ny Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning . Integrere ny "barnetråkk"-registrering som omsynssoner.

9. **Kulturminne:** integrere delar av Kulturminneplanen inn i plankart/føresegner.

10. Prioritering av innspel til nye utbyggingsområde:

- _ fortetting/utviding framfor opning av nye område.
- _ høg grad av fellestenking
- _ god skildring av konseptet
- _ fokus på grunneigarsamarbeid
- _ vektlegging av universell utforming og klimatilpassing
- _ vektlegging av ROS, dvs ta omsyn til risiko-og sårbarheit
- _ hytte-og bustad felt i nærleik av sjø må påvise plass til båthamn
- _ tilrettelegging for allmenne omsyn og omsyn til naturkvalitetar.

12. **Kommunikasjon/samferdsel:** avklare hovudfartsårene gjennom kommunen/RV13

. Kommunen skal jobbe aktivt for ein fergefri RV13 gjennom Ryfylke, herunder fergefri kryssing av Jøsenfjorden.

6 Medverknad og framdrift

6.1 Organisering av arbeidet internt

Prosjektkoordinator: Plan og forvaltningssjef

Administrativ prosjektgruppe oppnemnd av rådmann (personar frå POF og stab)

Administrativ styringsgruppe (rådmannen si litle leiargruppe)

Politisk styringsgruppe (formannskapet)

I tillegg ser ein for seg meir kortvarige temabaserte arbeidsgrupper der andre interne og eksterne kan bli involverte. For å få arbeidet til å «gå rundt» vil det vera nødvendig å knyta til seg ekstra ressurs til å ta seg av noko av den pågåande ordinære saksbehandlinga innafor plan/byggesak.



Bilete: medverknad har vore ein del av kommunereformprosessen – medverknad er også viktig i kommuneplanprosessen. Frå folkemøte om "Ryfylke kommune"

6.2 Medverknad og framdrift

Det er pr februar 2017 allereie gjennomført ein omfattande prosess. I kontaktmøter med næringslivet er det blitt orientert om arbeidet med planstrategi og at det er vedteke å revidera kommuneplanen. Det er orientert om planarbeidet ved fleire høve i utvida leiargruppe. Det har vore eit temamøte i formannskapet, og eit i kommunestyret.

Noko av utgreiingsarbeidet er igongsett, og meir skal setjast i gong, sjå kap 7. Sjølv utgreiingsarbeidet representerer også medverknad gjennom samarbeidsarenaer med td næringsliv og frivillig sektor. I tillegg skal det informerast i presse og på heimeside, og ein vil nytte sosiale media. Kommunen har pr i dag ei kommuneplan-facebookside: «Hjelmeland naturlegvis».

2016:

Våren: temamøter med politkarane

Juni : Kommunal planstrategi lagt ut på høyring

September:: Vedtak av Kommunal planstrategi

November: orientering i leiargruppa

2017:

Februar: Utkast til planprogram til høyring. Orientering i leiargruppa.

Mars/april: Planprogrammet på høyring. Møter med næringsliv, frivillig sektor, sentrumsplanarbeid. Påbegynt arbeid med oppdatering arealdel

Juni: vedtak av planprogram. Utarbeiding av enkel mal for innspel.

Juli: Kunngjering av planprogram, frist for innspel. Innspel til planen pluss utgreiingsarbeid.

Juli/august: ny medarbeidar på plass

Tidleg september: Grendevise møte.

Juli-november: Jobbing med plan

November: 1.gongsbehandling av utarbeidd plan

2018:

Desember – januar: Høyringsperiode. Eit til to folkemøte.

Mars/mai: jobbing med plan etter høyring. Konferanse med regionale styresmakter

Juni: Endeleg vedtak

Det er ikkje sikkert at ein vil klara å få heile planen i mål på ein gong. Td er det sannsynleg at arbeidet med sentrumsutvikling vil gå ut over den tidsplanen ein har sett opp her. Ein må då vera budd på at den delen av kommuneplanen som gjeld sentrumsområdet, vert ferdigstilt noko seinare enn resten. Det kan også hende at samfunnsdelen vil kunne vera klar før arealdelen. I så fall ser ein det som eit mål å ferdigstillast det som kan ferdigstillast ut i frå dei måla ein ynskjer å oppnå.

7 Forslag til utgreiingsprogram

For å få eit godt grunnlag for sjølve kommuneplanen, må det gjennomførast ein del utgreiingsarbeid. Noko utgreiingsarbeid kan samkøyrast med anna utgreiingsarbeid som uansett skal gjennomførast og som passar i tid. Eit anna utgangspunkt er å prioritera innhenting av informasjon og grunnlagsmateriale der kommunen allereie har erklært satsingsområde, og det er behov for ny kunnskap.

Desse utgreiingsprosessane skal gjennomførast:

- A) Prosess i høve til frivillig sektor – igongsett i samarbeid med Rogaland fylkeskommune
- B) Kartlegging og verdsetting av friluftsområde: «Folketråkk» igongsett i samarbeid med Rogaland fylkeskommune
- C) kartlegging av born sin bruk av uteområde (barnetråkk)



Bilete: barnetråkk på stien til Ramsfjell

- D) Sentrumsanalyse – jfr sentrumsprosjekt «Vågen 360»
- E) Behova til ulike næringar, inkludert behov for nye næringsområder på land og sjø. Temavise møte: landbruk, sand og grus, fisk, reiseliv, handel/service. Samarbeid med næringsorganisasjonane og gjennom kontaktmøte med større bedrifter.
- F) Klimatilpassing – korleis skal kommunen tilpassa seg utsleppskutt og tilpassingar i høve til å tola anna type klima? Kartlegging moglg klimaskog – prosjekt i samarbeid med Fylkesmannen
- G) Prosjekt for heilskapskultur i personalpolitikken (igongsett)
- H) Heilskapleg ROS-analyse (jfr m.a. forskrift om kommunal beredskapsplikt prg 6)
- I) Konsekvensanalyse av nye tiltak

- Det er i tillegg ønskeleg å gjennomføra ei enkel analyse av bustadbehov i høve til befolkningen si samansetnad, gjerne delvis i tilknytning til sentrumsprosjektet.



Bilete: utvikling av reiselivsnæring? Parkering av bubilar er populært i Vågen.